



BACHELOROPPGÅVE

**Let oppgåvene til fengselsbetjenten, rehabilitering og
kontroll seg einast?**

av

Margrete Stave Aksnes
kandidatnummer 326

Will the tasks of the prisonguard, rehabilitation and control unite?

Sosialt arbeid
BSV5-300
Mai 2013



HØGSKULEN I
SGN OG FJORDANE

Innhaldsliste

1. Innleiing	s. 3
1.1 Val av problemstilling	s 3
1.2 Avgrensing, perspektiv og definisjonar	s 4
2. Val av metode	s 4
2.1 Litteraturstudie som metode	s 5
2.2 Metode – kjeldekritikk – validitet	s 5
3. Teoretisk perspektiv på Rollekonflikt og maktperspektiv	s 6
3.1 Rehabilitering	s 8
4. Ei kort innføring i fengselsbetjentyrket	s 9
5 Drøftingsdel -Ulike syn på fengselet sin funksjon og rehabilitering i fengsel	s 12
5.1 Rollekonflikten: medvitsgjering og balanse	s 14
5.2 Makt i fengsel – ein hårfin balanse	s 16
5.3 Rehabilitering i ein hierarkisk institusjon: Ei utfordring	s 19
5.4 Forslag om å styrke utdanninga	s 21
6 Konklusjon	s 23
Litteraturliste	s 26
Vedlegg 1 søkjalarlogg	s 29
Vedlegg 2 sjølvvalt pensum	s 30

1. Innleiing

I denne oppgåva skal eg retta fokuset på yrket til fengselsbetjenten. I 2007 blei det registrert 7800 ubetinga dommar¹. Tal frå SSB² viser at dette utgjer dobbelt så mange som i 1980 (Rustad, Lid og Stene, 2009). Det vil seia at soningskøen stig. St. Meld nr 27 (1997-1998) viser ein tilbakefallsprosent på 64%, for ubetinga dommar. Den største andelen innan narkotika - og vinningskriminalitet. Det blir ofte utalt som ein ”gjengangarproblematikk”. Dei same personane kjem attende til fengselet.

Myndigheita prøver å setja inn ulike tiltak for å få ned tilbakefallprosenten, eit av desse tiltaka er rehabilitering som inneheld kontaktbetjentordninga, programverksemd, arbeid og skule. Dette er for å motivera dei innsette til ein kvardag utan kriminalitet, noko som er eit av hovudmåla til kriminalomsorga for å få ned kriminaliteten, men på den andre sida har fengselsbetjenten kontrollloppgåver og ansvar for tryggleik. Eg vil i denne oppgåva sjå på kva rolla til fengselsbetjenten har å seie for å drive rehabilitering og kontroll på ein og same tid. Kva seier utdanninga om dette? Korleis utfordringar er det? Korleis ser dei innsette på dette? Kan dobbeltrolla by på utfordringar til å rehabilitera?

1.1 Val av problemstilling

Ideen til oppgåva starta tilbake i 2009, eg arbeidde som fengselsbetjent ein sommar. Eg fekk då innsikt i korleis fengslet fungerte. Rollene som ”kontrollør” og ”kontaktbetjent” opplevde eg som utfordrande. Det mest skremmande var når eg fekk ein god relasjon med dei innsette og skulle utøva kontrollloppgåver. Eit døme på dette var då eg skulle lysa ein innsett i munnen etter at personen hadde fått det assisterande legemiddelet subutex gjennom LAR³. For at det ikkje skulle misbrukast, skulle me kontrollera at det var ute av synet ved å lysa inn i munnen. Dette følte eg som vanskelege i forhold til relasjonen eg hadde fått med denne innsette.

Under utdanninga sosialt arbeid, har eg stilt meg nokre spørsmål i forhold til sommarjobben min i 2009. Korleis klare å skape ein god relasjon, gjensidig tillit basert på ei slik dobbeltrolle

¹ Det betyr at ein må sona dommen i fengsel.

² Statistisk sentralbyrå.

³LAR, Legemiddelassistert rehabilitering er den norske ordninga for substitusjonsbehandling ved opiatavhengigkeit.

dette yrke har. Er det ein ideell måte å gå inn for rehabilitering på eller er det berre ei ”ønsketenking”. På bakgrunn av dette hamna problemstillinga mi på: korleis desse to oppgåvene, rehabilitering og tryggleik let seg einast.

1.2 Avgrensing, perspektiv og definisjonar

I denne oppgåva har eg valt å sjå på rolla til fengselsbetjenten, som kontrollør og som kontaktbetjent. Når eg nyttar kontrollør er det den sida ved yrket som omhandlar tryggleik, kontroll og straff. Når eg nyttar kontaktbetjent syner eg til den rehabiliterande delen av yrket som program, kontaktbetjent og miljøarbeid. Eg vil forklara nokre sentrale omgrep som rolle, rollekonflikt, makt og rehabilitering undervegs i oppgåva. Rehabilitering som skule og arbeid går eg ikkje nærmare inn på, dette fordi fengselsbetjenten ikkje har noko direkte med desse to oppgåvene å gjera. I drøftingsdelen min vil eg skilja mellom kontaktbetjentrolla og kontrollørrolla. Eg vil i avsnitta nedom gjera greie for metodedelen, vidare ei innføring i rolleteori og maktteori, sidan det er desse to teoretiske brillene eg nyttar i oppgåva mi. Til slutt i denne delen kjem det ein presentasjon av utdanninga og oppgåvene til betjentane.

2. Val av metode

I følgje Dalland (2012) er metode ein framgangsmåte for å skaffe seg informasjon om ny kunnskap gjennom å sjå nærmare på eit problemområde. Val av metode skal hjelpe meg å finna svar på problemstillinga mi. Det er eit verkty for å samle inn informasjon til ei undersøking. Ein skil mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitativ metode viser oss ei mening og ei oppleving som ikkje let seg talfeste, medan kvantitativ metode gir oss undersøking om korleis ein kan gå inn og få målbare resultat i forhold til tal (ibid.). Sidan eg har avgrensa med tid å utføra undersøkinga, har eg valt å sjå på forsking og fagstoff som tidlegare er blitt gjennomført på området. Eg kunne ha utført ei kvantitativ undersøking, men på grunn av for lita tid, har eg ikkje erfaring og kapasitet til å gjennomføre dette. Eg vil nytta tidlegare forsking og kunnskap på området for å belysa problemstillinga mi gjennom ein litteraturstudie.

Eg söke på orda ”makt” og ”fengsel” sidan det var det eg ville skrive noko om. Søket mitt gjennom bibsys ga 97 treff på isolasjon, 250 treff på fengsel og makt ga 1144 treff. Eg fann fort ut at det kom til å bli ei utfordring å søkje på dei rette orda. Vidare blei utforminga av ei problemstilling sentral. Eg fekk rettleiing i ein tidleg fase, der eg fekk hjelp til ei problemstilling og fekk konkretisert korleis eg skulle gå fram for å finna relevant litteratur. Eg brukte ein del tid på å leita etter litteratur dei fyrste dagane. Rehabilitering i fengsel ga meg 101 treff på bibsys. Eg tok utgangspunkt i nokre bøker som eg fann på søket. I bøkene gjekk eg i litteraturlista og fant fram til ny empiri som var tillagt Kriminalomsorgas utdanning senter (KRUS). På søkemotoren til Google Scholar sökte eg på ”kontaktbetjent” og ”oppgåver”, der fann eg fram til nokre masteroppgåver som var relevant for oppgåva mi, som kan belysa problemstillinga mi. Vidare har eg i empirien nytta bøker, rapportar og hefter frå kriminalomsorga samt Stortingsmelding nr 37 *straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* og *Strategi for fageleg virksomheit i kriminalomsorga 2004-2007*. Avslutningsvis enda eg på orda ”miljørarbeid og fengsel, som ga 19 treff og ”rehabilitering, fengsel, program” som ga 6 treff, begge søka i bibsys sin søkemotor. Tidsskrift for kriminalomsorga fekk eg gjennom søk på ordet ”kriminalomsorg” i NORART sin søkerbase. Her fekk eg tilgang til alle tidsskriftene ”aktuelt for kriminalomsorgen” på kriminalomsorga si heimeside. Eg vil i neste avsnitt gå inn på litteraturstudie som metode og kjeldekritikk.

2.1 Litteraturstudie som metode

I oppgåva har eg valt ei kvalitativ undersøking, som egnar seg best til problemstillinga; ”Korleis foreina rolla til fengselsbetjenten seg i det å drive rehabilitering og kontroll på ein og same tid”. Gjennom kvalitativ studie får ein innsikt der ein prøver å søka ei forståing av eit spørsmål (Tjora 2010:22)

For å kasta lys over problemstillinga mi har eg valt litteraturstudie som metode.

Litteraturstudie som metode handlar om å fordjupa seg i og systematisera litteratur som allereie er skrive. Det vil seia at ein ser på teori og ulike perspektiv, går i djupna på desse for så å systematisera, skapa samanfatning og tenka kritisk gjennom dei (Dalland, 2012). Den empirien ein nyttar blir då utvalet av studiet. Innhaldet blir datamaterialet og når empirien er

analysert og drøfta kjem ein fram til resultatet. Eg må gjennom tidlegare empiri gå i djupna og finne svar på spørsmåla som vert stilt; Blir det rollekonflikt i forhold til oppgåvene?

2.2 Metode - kjeldekritikk - validitet

Innleiingsvis gjer eg greie for mi eiga forståing av korleis eg ser på to roller som kan vera vanskeleg å foreina. Eg må ha dette med meg inn i mi undersøking sidan den er med på å farga mi forståing rundt problemstillinga. Det er viktig å ta dette med i forskinga, sidan me alle har meningar og tankar rundt eit tema, men at du er di forforståing medvitens (Dalland, 2012:117).

I forsking må datamaterialet vera gyldig. Johannessen mfl. (2006;46) ser på at forskinga må vera påliteleg, korleis me samlar inn data, behandler og undersøker dei. Alt dette er med på å påverke utfallet av forskinga. For at forskinga skal vera gyldig, må ein kunna etterprøva kor gyldig forskinga er. Då utfører ein annan forskar same undersøkinga og kjem fram til den same konklusjonen, då gir dette høg validitet.

Forsking skil mellom primære og sekundære kjelder. Når me les det som er frå forskinga kallar me det ei primærkjelde. Sekundærkjelder er når me ikkje har lest den opphavlege publikasjonen, men visar til ein anna sin publikasjon. Det vil seie at ein forskar har tatt forsking frå ein annan forskar. Altså sekundærkjeldene bygger på primærkjeldene (Johannessen m.fl, 2006;337). Det er viktig å tenkja over det når ein nyttar sekundærkjelder. Det som andre skriv som til dømes eg har henta av tolkingar frå andre rundt Michel Foucault og maktomgrepets, er skrive for å kasta lys over ein annan tematikk. Det er viktig at eg er medvitens dette sidan eg skriv om det i denne oppgåva. Det er viktig å ha med dobbelblikket som kjem med å nytta primære og sekundære kjelder. Eg vil i neste avsnitt gå inn på dei teoretiske perspektiva som eg har nytta i oppgåva.

3. Teoretisk perspektiv på rollekonflikt og maktperspektivet

I all kommunikasjon mellom menneskjer oppstår det ulike roller. Til desse rollene er det eit sett med forventningar som er gitt frå andre du samhandlar med. Du kan ha rolla som

«sjukepleiar», «mor», «syster» og liknande. I alle desse rollene har me ei førestilling om korleis me skal vera. Utifrå desse forventningane lagar me oss nokre «sanningar» som er gjeldande for oss, dette kan me kalla ei norm. Når me som individ uttrykkjer desse normene, blir det verdi, noko verdifullt for oss. Gjennom sosialt samspel og interaksjon med andre, blir normene ein del av oss sjølve, dei blir internalisert. Dette skjer med og utan medvit. Alle desse funksjonane oppstår i rollene våre (Gardsjø, 2001:173). Ein blir ofte kjend med rolla si gjennom praktisk erfaring.

Når ein person bestemmer seg for ein profesjon, får personen ei bestemt rolle, med eit sett forventingar og haldningar knyta til profesjonen eller rolla, dette utgjer ei sosial rolle. Forventningane som me omkring har til rolla blir styrande for åferda. Om du utøvar dei forventningane som er sett til rolla di, blir du møtt med positive reaksjonar, om ein skulle avvike frå forventningane kan ein bli møtt med negative reaksjonar (Schieffloe, 2003). Schieffloe 2003 seier at det kan oppstå det han kallar for rollestress når ein skal forholda seg til fleire roller samtidig. I rolla som fengselsbetjent har ein grunnleggande oppgåver, reglar og retningar som er styrande for rolla. Om ein ser på fengselsbetjenten si rolle som todelt, der ein på den eine sida skal kontrollera og på den andre sida skal rehabilitera, dette kan føre til rollestress.

Ein kan skilja mellom ei formell og ei uformell yrkesrolle, der den formelle rolla er tillagt eit sett oppgåver, medan den uformelle rolla bygger på forventningar retta mot deg i arbeidet du skal gjennomføra. Det blir tillagt fengselsbetjenten ulike forventningar til rollane dei utøvar som kontaktbetjent og kontrollør (Røknes og Hansen, 2002:219). Det er forventningar frå til dømes samfunnet, regjeringa, den innsette og pårørande. Røknes og Hansen seier at (2002:223) resultatet av rolla blir då eit sett av forventningar og dei formelle krava. Dersom ei yrkesrolle har to eller fleire roller samstundes, kan det oppstå rollekonflikter sidan det vert retta fleire forventingar til rolla. Altså, forventningane til begge rollane ein innehar, let seg ikkje lett «einast». Feldman i Gradsjø (2001:195) refererer til seks ulike rollekonflikter; Den tredje rollekonflikten han forklarar er at ”to eller fleire rolleforventninger til samme rolleinhaver kan være uforenelige”, det vil seia at regjeringa har sine forventningar til kva fengselsbetjenten skal utføra i fengselet medan dei innsette på si side har sine forventningar til betjenten.

Når ein ser oppgåva gjennom rolleteori er det viktig å ha med seg at rolleteorien ser på menneske som samfunnsskapt, den tek ikkje omsyn til menneskets eigne drifter og behov. Det er ikkje alle som er «nikkedokker» som følgjer reglar og normer som samfunnet meiner er «gjeldande». Rolleteorien går utifrå at me er sosialisert inn i roller og blir styrt utifrå dette. Eg vil no gå vidare inn på maktperspektivet i yrket.

Fengselsbetjenten kan med lova og reglane som er sett gå inn i den private sfæren til andre mennesker. Denne makta blir omtala som ei *posisjonsmakt* og *legitim makt*. Dette skjer gjennom lovene som er akseptert av samfunnet. Dei innsette i fengselet er ofte ei svak gruppe, som til dømes rusmisbrukarar, dette kan gi betjenten ei *kunnskapsmakt*, der det er fengselsbetjenten som er den «fornuftige» medan dei innsette er dei som har «broke lova». I fengselet er det gitter og murar, betjentane har nøklane og uniforma med stripa på skuldra syner korleis stilling du har. Dette er med å forsterka maktforholda i fengselet, som me kallar for *symbolsk makt* (Garsjø, 2001).

Om den innsette ikkje følgjer dei lover og reglar som er gitt i fengselet, har fengselsbetjenten makt til å gi sanksjonar Max Weber i Garsjø (2001;279) seier at makt er noko me påtvingar andre, sjølv om andre motset seg det og forklart slik; «Makt er en eller flere menneskers sjanse til å sette igjennom sin egen vilje i det sosiale samkvem, og det selv om andre deltagere i det kollektive liv skulle gjøre motstand». Michel Foucault i fangenes friheter (2011:13) seier at makt og fridom er to sider av same sak, han seier det er i alle relasjonar og sosiale settingar. I Foucault sitt perspektiv blir makt sett på å: *"forme mennerskers handlinger eller handlingsrom; makt er action on action eller conduct of conduct"* (Ugelvik, 201:60). Ein relasjon skal ligga til grunn mellom ein handling og ein anna handling. Dette viser gjennom betjenten si oppgåve der ein ofte kjem i ein maktposisjon der du bestemmer over korleis handlingar eller kor stort handlingsrom den innsette har(ibid). Eg vil i drøftingsdelen sjå nærmare korleis makta utrettar seg i utøvinga i rollane til fengselsbetjenten der eg går vidare innpå Weber og Foucault.

3.1 Rehabilitering i fengsel

Ordet rehabilitering kjem frå det latinske ordet *habilis*, som betyr «*å gjera dyktig igjen*». I fengselet skal ein prøva å gjera fangen i den stand han/ho var før lovbrotet. Gjennom livet er det mange utfordringar. Alle kan oppleva ei krise eller ein periode i livet som vanskeleg. Ein slik situasjon kan føra til rusproblem som igjen kan føra til kriminelle handlingar. Seks av ti som sit inne har eit rusproblem (Friestad & Hansen, 2004:6). Når straffa vert fengsel, vil kriminalomsorga gjennom soningsoppahaldet innebera at ein skal setja fangen i posisjon til ikkje å gjera nye straffbare handlingar (Uglevik, 2011:332).

I kriminalomsorga blir miljøarbeid, programverksemnd og kontaktbetjentordninga sett på som rehabiliterande tiltak. Alle tre skal fremja høgare medvit og motivera til endring hjå den innsette. Utgangspunktet for rehabiliteringstiltaka er gjennom tidlegare forsking som har vist effekt på å finna ut kva som gjer ein person kriminell, samt kva som må til for å skapa ein endring i dette mønsteret (Larsen, 2006:158).

4. Ei kort innføring i Fengselsbetjentyrket

I 1937 fekk dei første fengselsbetjentane sin formelle utdanning. Den gang tok det ni veker å bli utdanna. Før dette vart ein lerd arbeidsoppgåvene på arbeidsplassen. Då dette ikkje lenger var tilstrekkeleg vart det oppretta ei utdanning, dette som ein reaksjon etter at det kom på den politisk agenda om levekår og økonomi i dei harde 30-åra. I 1950 kom ei endring etter at fengselsskulen hadde vore nede i krigsåra. I 1959 kom aspirantopptak og ei praktisk- og teoretisk utdanning kom i gang. I 1975 vart fengselsskulen toårig, eit praksisår og eit teoriår (Larsen 2006:90). I 2012 blei fengselsbetjentutdanning ei høgskuleutdanning som tel 120 studiepoeng.

Når ein les heimesida til Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS) kjem det fram at fengselsbetjenten sitt yrke byr på utfordringar i kvardagen, og at ein kan sjå på fengselet som eit eige samfunn. Slik den blir presentert av KRUS er rollen til fengselsbetjent er å bevare tryggleiken til dei tilsette og innsette samt dei andre utanfor fengselet og samfunnet elles. Dette er også noko som blir spegla i St. Meld. Nr 37, ”Straff som virker- mindre kriminalitet- tryggere samfunn” (2007-2008): ”Ein må også vera medviten på at ein alltid opptrer som ein rollemodell ovanfor dei innsette”.

I alle fengsel skal det vera eit tilbod om miljøarbeid, dette er uavhengig av storleik og tryggleiksnivå. Nokre av oppgåvene til fengselsbetjenten kjem innunder miljøarbeid, *kontaktbetjentordninga, framtidsplanlegging, profesjonelle samtalar, aktivitetar og programverksemd*, alt dette inngår i ein større heilskap i miljøarbeidet.

Miljøarbeid er eit tiltak der målsetninga er å førebyggja framtidig kriminalitet (straffegjennomføringsloven §2). Det ligg to grunnpilarar i føringa for å utøva miljøarbeid; struktur og relasjon. Ein må ha ei dagleg strukturell tilnærming og ein relasjon som legg til rette for endring og ressursbygging (Drægebø, 2006:28). Alle fengselsbetjentar skal ha kjennskap til miljøarbeid. Eg skal i avsnitta nedanfor gå nærmare inn på desse oppgåvene.

Ein del av oppgåvene til fengselsbetjenten er å vera *kontaktbetjent* til ein eller fleire innsette;

” Kontaktbetjentrollen utgjør ryggraden i det endrings- og reintegreringsarbeidet som gjøres i fengslene. Kontaktbetjenten er en tjenestemann med et særlig ansvar for å følge opp den enkelte innsatte under varetektsopphold og straffegjennomføring. Ordningen har til hensikt å bedre soningsforholdene og den samlede innsatsen overfor innsatte, som får en stabil kontakt i fengselet og bedre mulighet til å forberede løslatelsen.” (Fagstrategien 2004-2007;8)

Denne oppgåva går først og fremst ut på å skapa ein personleg relasjon til den innsette og er eit tiltak for å førebygge kriminelle handlingar. Betjenten skal motivera til endring og gjera sitt beste for at den innsette skal få eit meiningsfullt soningsopphald. Han skal kartleggja ressursane og dei individuelle behova den enkelt har. Kontaktbetjenten skal visa forståing, skapa kontakt og vera ei hjelpende hand. Det er relasjonen mellom betjenten og den innsette som skal vera pådrivaren til rehabiliteringa. Vidare kan dei nytta kontaktbetjentrolla til å føra dei profesjonelle samtalane, der ”MI”⁴ er eit sentralt reiskap. Her skal ein motivera og setja opp ein plan for framtida og korleis ein skal kunna nå desse måla. Hovudansvaret til kontaktbetjenten er å koordinere samarbeidet mellom ulike etatar og skape ein god relasjon for å arbeide mot endring (Drægebø, 2006:42).

⁴ Motiverande samtale, ein terapitilnærming.

Ei anna oppgåve fengselsbetjenten har er å drifte programverksemda som også er ein funksjon i rehabiliteringsprosessen. Det skal påverka den innsette til å leva eit kriminalfritt liv ute i samfunnet. Kvart fengsel skal ha eit tilbod til dei innsette, dette kan vera ulike program, skule eller arbeid. I 2007 deltok 1689 personar på programverksemda som fengselet tilbyr, av desse var det 84% som sona straffa i fengselet.

Programma har ei kognitiv tilnærming og fengselsbetjentane har gjennomført ei

Ny start	76
Sinnemestring	296
ATV-modell?	203
Vold CSCP	7
Sedelighet	22
RIF-programmer	92
Trafikk og rus	590
Mitt Valg	28
Stressmestring	151
Brottsbrytet	135
VINN	41
PREP	19
En til en	29
Sum	1 689

kursing for det aktuelle tilboden. I nokre tilfelle blir eksterne personar, som psykolog, sosionom eller ein anna profesjon, som er relevant for programmet, leigd inn. Tabellen over er henta frå St.meld. Nr 37:50 syner ei oversikt over nokre av programma som det er tilbod om i fengsel. Ein kan sjå at det er ”trafikk og rus” som kjem øvst. Dette er for personar som har kjørt i rusa tilstand. Etter denne kjem ”sinnemeistringsprogrammet” og ”ATV”⁵ som er program som er retta mot personar med ei aggressiv åtferd, desse to programma er ei kognitiv tilnærming som er over 9-12 månadar, der den voldsdømte skal observera tankar, haldningar og verdiar som fører til den valdelege åtferda.

Formålet med programverksemda er å motivera dei straffedømte til endring og eit liv utan kriminalitet (st. meld. Nr 37). I tillegg til kartlegging av den innsette må dommen takast omsyn til ved val av program. Tiltaka rundt programma skal sjåast som eit frivillig tiltak for den straffedømde, der ein sjølv tek initiativ til å bli med på programmet etter eit tilbod frå kriminalomsorga. Dei programma som vert tilbydd i kriminalomsorga er ikkje ei behandling, slik som er naturleg under helse- og forvaltingsetatar.

⁵ ATV – Alternativ til vold, ein samtalemetodikk.

Aktivitetar er noko som fengselsbetjenten har ansvar for å gjennomføra. I straffegjennomføringslova § 3 fjerde ledd har alle innsette krav på tilbod om fritidsaktivitetar, dette skal utførast på kveldstid og i helgane. I 2007 hadde 74% av alle dom- og varetektsinnsette eit aktivitetstilbod (St.meld. Nr 37). Døme på aktivitetar er dans, stepp, styrketimar, spinningtimar, bibliotekbesøk, turar i fjellet, musikk, underholdning, filmframstilling. Aktivitetane skal tilpassast kvar enkelt innsett.

På den andre sida har fengselsbetjenten makt og maktutøving i yrket sitt.

Fengselsbetjenten har også ansvar for tryggleiken. Fengselsbetjenten blir regulert gjennom straffegjennomføringslova og instruks som er regulert av myndigheita. Her blir dei pålagt tryggleiksoppgåver. Eg vil i avsnitta under gå nærmare inn på den delen av fengselsbetjentyrket som omfattar kontroll og tryggleik.

Kvar innsett blir risikovurdert. Tryggleiksnivået skal ikkje gå utover andre innsette som ikkje er av same risiko. Ein skal heller ikkje påleggja dei større straff enn naudsynt.

Fengselsbetjentane har ei rekke tiltak for å holde rutinar og prosedyrar for å oppretthalde tryggleiken. Enkelte tryggleiksprosedyrar har kontrolltiltak, desse skal ikkje koma i vegen for rehabiliteringsarbeidet. Kriminalomsorga har lov og mynde til å nytta ulike tiltak for å kontrollera og avdekka ulovleg bruk av illegale stoff. Dette kan vera tiltak som urinprøve av den innsette, samt kroppsvitjing eller vitjing av cellene til den innsette. Fengselet nyttar også narkotikahundar som ein kontrollform. Rundt 60% av dei innsette har eit rusproblem. I dei siste åra har det vore 12% som har avlagt positive prøvar i fengselet (Rustad, Lid og Stene, 2009).

Ved regelbrot i fengselet, er det opp til den enkelte fengselsbetjent som gjennom sine refleksjonar avgjer kva den innsette skal få som sanksjon på regelbrotet. Dette er ei sentral arbeidsoppgåve for fengselsbetjenten(st. Meld. nr 37: 99). Desse sanksjonane skal i minst mogeleg grad vera negativ for den innsette, sidan dette kan verka svært hemmende for rehabiliteringsprosessen. Dette kan vera sanksjonar som tap av fritidsaktivitetar, TV, aktivitetar og liknande. Ein skal i minst mogeleg grad ha sanksjonar som ekskluderer frå fellesskap. Ein skal fremja at personen sjølv har ei løysing for å ta hand om sitt eige problem. Eit døme på dette er å ha russamtalar, rusavtalar eller eventuelt behandling.

Bruken av dei tradisjonelle sanksjonane skal nyttast etter dei alternative sanksjonane er prøvde. Fengselsbetjenten har også i oppgåve å løysa konfliktar mellom dei innsette, der ein skal ivareta tryggleiken rundt den enkelte innsette. Ein skal sørge for at den innsette skal kjenna seg trygg under soningsopphaldet.

Ein kan dele desse to oppgåvene i *dynamisk*- og *statisk* tryggleik. Med dynamisk tryggleik skal fengselsbetjenten skapa gode mellommenneskelege relasjonar og samhandling for å auka tryggleiken, dette er vesentleg for å få til ei rehabilitering. I praksis vil dette vise seg gjennom miljøarbeid, fritidsaktivitetar og kontaktbetjentarbeid (St. Meld nr 37:94).

Gjennom statisk tryggleik meinast det; overvaking som til dømes overvakingskamerar, ringmur og regelbestemte tiltak. Tryggleikstiltak som urinprøver, innlåsing, cellevisitasjon og kroppsvisitasjon av den innsette. I ekstreme tilfelle kan ein nytta tryggleikscelle, skjold, handjarn, tryggleiksseng. Eg tolkar den dynamisk- og statisk tryggleik som

5. Drøftingsdel - Ulike syn på fengselet sin funksjon og rehabilitering i fengsel

I drøftingdelen vil eg leggja vekt på å løfta fram kva utfordringar som kan komma med dobbeltrolla fengselsbetjenten har. Eg ser også makt som ein viktig del av dobbeltrolla og har difor valt å leggja vekt på det. Vidare ser eg makt og rolle opp mot den teorien som er presentert i punkt 3.1. Eg peikar også på rehabiliteringa i forhold til program, miljøarbeid og kontaktbetjentrolla, sidan det er det som synes å vera med på å ”trigga” dobbeltrolla. Til slutt vil eg leggja vekt på forslag til å styrka utdanninga som ei løysing. Avslutningsvis ser eg fram funna mine for kva ein må sjå nærmare på for å få heile prosjektet med rehabilitering i fengsel til å fungera.

Ideologien i fengselet er å rehabilitera dei innsette til ikkje å gjera nye straffbare handlingar, men tilpassa seg samfunnet sine lovar, reglar, normer og verdiar som er akseptert. Blir desse idealala gjennomført i fengsel, eller er fengselet med på å opprettheld skeivskap i det som mange hevdar er ein oppbevaringsplass for dei kriminelle? Ein indikasjon på at rehabilitering ikkje fungerer i fengsel er dei lange soningskøane og auken av kriminelle. Slik eg ser det er det oppgåvene i høve rehabilitering som betjenten skal utføra, som er med på å ”trigga” dobbeltrolla som eg prøver å syne.

I boka til Cecilie E. Basberg (1999;20) ”*Omsorg i fengsel?*” seier Christie at fengslet har sin funksjon om å fullbyrde ei straff. Denne straffen skal følast som eit ”onde” som er pinefull for den innsette. Kontroll og disiplinering er funksjonar som er ei undertrykkingsmaskin seier Finstad og Gjetvik i Omsorg i fengsel (1999). Christie (1982) peikar vidare på at etter ferdig soning kjem den innsette ut med to plastposar eller ein bag i handa og skal no vera klar for alle utfordringane samfunnet har som arbeid, bustad, venner, sosial akseptert normer, ja kva vil det snille samfunnet ikkje ha av forventingar. Mathiesen 1995 og Aubert 1979 i Omsorg i fengsel (1999), peikar på at fengselet er med på å oppretthalda den sosiale ulikskapen med å setja dei kriminelle i fengsel som ein oppbevaringsboks. Her er det mange argumentasjonar som peikar på at rehabilitering ikkje har noko plass i fengsel, den er i alle fall tillagt mange utfordringar.

I kriminalomsorga sitt strategidokument (2004-2007) kan me sjå grunngjevinga for at rehabilitering skal vera tillagt fengelsbetjentane sine oppgåver. Ein skal rehabilitera og gje samfunnsvern på ein og same tid, og desse to oppgåver er einlege der det blir grunngjeve med at ” god rehabilitering er den beste vei til å beskytte samfunnet mot framtidig kriminalitet” (strategidokument:4). Strategidokumentet seier vidare er at eit menneske har potensial til endring, og at ein skal ansvarleggjera den kriminelle for handlinga han/ho har gjort. Dette viser at kriminalomsorga er medvitne dei utfordringane som ligg i dobbeltrolla, men at dei i samstundes seier dei er einlege.

I Masteroppgåva til Øyvind Alnæs, ”*Fengsel – forbryterskole eller rehabiliteringsanstalt? : Slik de innsatte opplever det*” (2005) finn Alnæs ut at rehabilitering er mogeleg, men peikar på at det er i dei opne fengsla du finn dette høvet, medan dei lukka blir omtala som ”forbrytarskuler”, der dei deler sine teknikkar på kriminalitet.

5.1 Rollekonflikten: medvitsgjering og balanse

I rehabiliteringsoppgåva er kontaktbetjent ein viktig aktør. Hovudmålet med oppgåva er å skapa endring hjå den innsette. Kontaktbetjentrolla foreinar oppgåvene som hjelp og omsorg og på den andre sida tryggleik for samfunnet. Dette er ei oppgåve som er utfordrande, ikkje

berre for betjenten men også for den innsette. Wilhelm Meek Hansen (1999) seier at den nye rolla som betjenten har fått tildelt krev ei medvitsgjering omkring oppgåvene som skal utførast, der balanse er eit sentralt nøkkelord. Vidare peikar han på at ein i hjelperolla kan strekka seg langt for at den innsette skal ha det bra, forventingane kan auka til kva betjenten skal hjelpe med, det å identifisera seg med den innsette kan gje store utfordringar for betjenten. Samstundes som betjenten skal skapa balansen, skal han også vera medviten kring tryggleiksarbeidet, dette kan gje betjenten ei statisk rolle, der fokuset ligg på tryggleiksoppgåvene gjennom inn- og utlåsing, kroppsvisitering og urinkontroll. Problemet med denne dobbeltrolla kan då vera at målet med rehabiliteringa, det å skapa ein *truverdig relasjon*, blir viska ut.

Dei innsette får gjennom fangehandboka *Juss-Buss veiledning i fengselsspørsmål* (2012) i kapittel 8 ei kort presentasjon av dobbeltrolla til betjenten. Betjenten har som oppgåve å hjelpe og informera den innsette om rettane deira. Dei skal vera bindeleddet ut til andre instansar som til dømes NAV og laga ein framtidsplan saman med den innsette, men har også den tradisjonelle vaktarrolla. Det blir også lagt vekt på at om det skulle oppstå ein konflikt mellom den innsette og kontaktbetjenten kan ein søker om å få ein annan kontaktbetjent. Det står enkelt forklart kva rolla inneheld. Det er framleis viktig at kontaktbetjenten nyttar godt tid til å samarbeida med den innsette om kor grensene går i deira relasjon. I st. Meld nr 37 (2007-2008) kjem det fram at nokon av dei innsette opplever at det er vanskeleg med same person som programinstruktør, kontaktbetjent og kontrollør.

Aspirant Hege Andrea Åmot (Dahl, 2006:22) uttalar seg på evalueringsseminaret om kontaktbetjentrolla og seier at ut frå erfaring har dei innsette mange forventingar til kontaktbetjentrolla. Dei tilsette har lite høve til å gjennomføra det dei lærer på KRUS si utdanning om denne oppgåva. Dette kan ein sjå opp mot forventningar som dei innsette har til rolla og betjentane sjølv, det kan visa seg å vera viktig å klargjera rolla i arbeidet som kontaktbetjent for at det skal vera mogleg å gjennomføra begge oppgåvene i arbeidet. I masteroppgåva til Hanne Kristin Eide *Hvem blir du som fengselsbetjent?: "Om holdninger og verdier til de innsatte i fengselsbetjentutdanningens praksisår"* (2011) kjem det fram at aspirantane synst det er utfordrande å gjennomføra kontrolltiltak samstundes som dei skal skapa ein god relasjon og påverka endringsarbeid gjennom rehabiliterande tiltak. Meek (1999)

fortel oss at ei klargjering av forventingane til dei to ulike rollene er naudsynt i arbeidet med dei innsette, og legg vekt på tydeliggjering av informasjonen og korleis rolla til fengselsbetjenten uttar seg med begge oppgåvene. Det er viktig å repetera dette for den innsette, dette krev tid. Relasjonen skal ligge i gjensidig respekt og omsorg som begge godtek, vite kvar ein har kvarandre, dette krev at ein er medviten på rolle og rolleavklaring. NFF⁶-tillitsvalt Jorunn Foss region vest (Dahl, 2004:10), påpeikar at nokre av utfordringane til dei ny-opprettet oppgåvene til kontaktbetjenten er at det krev ressursar og gransking på området. Ho seier vidare at det er mangel på ressursar, tid, dokumentering og rettleiing i arbeidet, noko også Kristin Tandberg frå region vest påpeikar. Tandberg viser at god rettleiing, leiaren sitt engasjement og tilrettelegging av turnus er vesentleg for å få til oppgåvene. Dette kan tyda på at rettleiing er viktig for at den nye fengselsbetjenten skal bli trygg i rolla si med dei forventningane som er knytt til oppgåvene. Det blir då leiinga sitt ansvar for at dette skal lykkast (ibid.). Meek (1999:143) seier at det er leiinga og organisasjonen sitt ansvar at det er tilstrekkeleg med tid og ressursar til rettleiing.

Det kan vera nyttig å ha ein plan på korleis ein kan arbeidet med oppgåvene, slik at betjentane har dei same retningslinjene. Det er mykje opp til kvart fengsel korleis dette blir utforma. NFF (Dahl, 2004:10) poengterer at kontaktbetjentarbeidet skal vera ryggraden i fengselsarbeidet, men at det i dag er ulikt frå fengsel til fengsel korleis det blir praktisert. Det kan i praksis bli utfordrande å utføre ei oppgåve heilt likt, men at ein kan ha ein standard og ei avgrensing av korleis oppgåvene skal utførast. Dette kan vera med å skapa tryggleik for betjenten samt klargjering av kva forventingar som er sett til rolla. Då er det lettare å unngå ei rollekonflikt. Meek (1999) seier at rettleiing til kontaktbetjenten er viktig for å gjera ein medviten på korleis ein tenkjer. Det kviler eit ansvar på leiinga at organiseringa og utøvinga av ordninga går i orden i forhold til tid og ressursar, men på den andre sida har betjenten eit ansvar av å gjera seg nytte av dei ressursane som er. Kjærsti Fjærstad frå KRUS (Dahl, 2006:22) viser til at ein må utnytte dei anledningane og ressursane ein har, der samtalane kontaktbetjenten har med sine «tildelte innsette» ikkje treng å vera på eit «behandlingsrom» men også i korridoren, i luftegarden, sofakroken eller kjøkkenet. Ho peikar også på at det er viktig at den som får og gir rettleiing er på same nivå for at det skal vera hensiktsmessig. Det er ikkje tvil om at ei slik oppgåve er ressurskrevjande, men i det lange løp gir ein gevinst i å

⁶ Norsk fengsel og friomsorgs forbund

førebyggje og påverka til endring. Det viser seg gjennom forskinga til Duncan & Miller & Sparks i Larsen (2006:198) at 30% av relasjonen mellom klient og behandlar er effekten av endringsarbeidet. Difor er det viktig at kontaktbetjentordninga får rotfeste slik at målet med arbeidet kan nåast, å skapa endring hjå den innsette til å endra sitt kriminelle mønster. Her ligg også hovudmålet med å skapa *truverdige relasjonar* mellom den innsette og kontaktbetjenten (Drægebø, 2006).

For å framheva dei truverdige relasjonane som ligg til grunne for å skapa rom for rehabilitering, viser det seg at det kan vera hensiktsmessig å kartleggja og laga ein plan over korleis betjenten skal gå fram med rolla si. Det viser seg at dei innsette synest det er problematisk å forholda seg til dobbeltrolla. Det blir også sentralt å gje betjenten rettleiing for å gjera ein trygg i dobbeltrolla. Leiinga har ansvar for å få sett av tid og ressursar for å skapa denne balanse og medvitsgjering i rolla.

5.2 Makt i fengsel - ein hårfin balansegang

I artikkelen ”I fangens makt” (2012) tek Mathisen utgangspunkt i Weber si maktforståing. Som nemnt under punkt 3.1 blir den tradisjonelle forma for makt i følgje Weber; ”en persons evne til å kontrollere en annen persons adferd, også mot denne viljen” (Schiefloe, 2010:202). Det vil seia at fengselsbetjenten har makt gjennom sine kontrolloppgåver, der han kan få den innsette til å gjere det han elles ikkje ville ha gjort, som til dømes, kroppsvitjingar og urinprøvar.

Det første ein møter ved inngangen til fengselet er personar i uniform, fengselsuniform. Nokon har stripa, andre ikkje. Det syner kva gradering den enkelte fengselsbetjent har i si fartstid, som på eit skip. Egil Larsen (Larsen, 2004:27) peikar på at makta i fengselet vert uttrykk særskilt gjennom uniformene som dei tilsette nyttar som også er med å skapa hierarki. Dette er med på å utstråla den symbolske makta til fengslet, å skapa eit klart skilje mellom ”oss” og ”dei”. Straffegjennomføringslova si forskrift §3-11 gir føringar på korleis makt ein har i forhold til ro og orden i fengselet for dei innsette. I praksis vil det sei at ein kan gje sanksjonar mot uønskt åtferd. Alle som er i teneste i kriminalomsorga må forholda seg til

maktutøvinga dei blir tildelt gjennom profesjonen. I følje Gardsjø (2001:293) blir den formelle makta den som heng saman med den posisjonen du får gjennom stillinga.

I boka ”*Fengselet som endringsarena*” av Egil Lars (2006), kjem det tydeleg fram at makta alltid er til stade for fengselsbetjenten og er difor med å skapa ein asymmetrisk relasjon mellom betjenten og den innsette. Ei asymmetrisk relasjon er ei skeiv fordeling i relasjonen, der den eine alltid har meir makt enn den andre. Lundeberg og Mjåland (2012) viser til at dei innsette er med på å skapa motstand og jamnar ut makta med å kritisera ansiennitetsprinsippet når godar og tenester skal utdelast mellom dei innsette, at dei som har sona lengst skal ha fortrinn til det beste arbeidet. Fengselsbetjentane er med å akseptera denne forma for makt, som på den andre sida gjer til at makta mellom fangane og betjentane jamnar seg ut. Vidare i same artikkel viser det seg også at dei innsette er svært opptekne av å få det som dei andre har, at ikkje det blir forskjellsbehandling. Slik eg ser det kan den innsettes sin motstanden og makta til å likebehandle vera utfordrande når ein skal leggja til rette for individuell behandling i forhold til framtidsplanlegging av dei innsette. Difor er dette noko betjenten må vera medviten om. Eide og Eide (2005:61) fortel oss at utgangspunktet for å skapa ein god relasjon tuftar på tillit og likeverd. Fengselsbetjenten må også vera merksam på å oppretthalda den innsette sin integritet og autonomi. Slik eg ser det kan dette vera vanskeleg når ein allereie ser dei symbolske elementa fengselet er omringa. Gitter, det er nøklar som klirrar, uniformene som ”lyser” makt og visitasjon av deg. Desse elementa signaliserer verken tillit eller likeverd. Korleis går ein då vidare for å skapa denne gode relasjonen når den i utgangspunkta ikkje er innlysande? Dette tyder på eit dårleg utgangspunkt for endringsarbeidet fengselsbetjenten skal påverka. Altså, når ein innsett har eit problem, må ikkje ein berre lytte, men den innsette er også avhengig av at fengselsbetjenten løyser opp i problemet. På den andre sida skal ein ikkje gløyma at fengselsbetjenten har ei anna oppgåve, også bevare tryggleiken til den enkelte kollega, innsette og oss andre utanfor murane. Fengselsbetjenten skal passa på at den innsette ikkje gjer nye straffbare handlingar i soningstida og førebygga for nye kriminelle handlingar etter soningstida. I fylje st. meld. Nr 37 ”*Straff som virker-mindre kriminalitet-tryggere samfunn*” har høg tryggleik i fengselet større utsikt til at den straffedømde ikkje utfører nye kriminelle handlingar. På den andre sida meiner regjeringa at straff i ”fridom” har større utsikt til at den straffedømde har større sjanse

for ikkje å falla tilbake etter ferdig soning. Slik eg tolkar det vil større tryggleik gje mindre rehabilitering.

I 2009, når eg arbeidde som fengselsbetjent, var det eit sett reglar og retningsliner for maktbruk og sanksjonar i forhold til regelbrot hjå dei innsette. Det eine døme eg vil ta fram er noko eg observerte, og det andre noko eg sjølv utførde med tanke på løysingsorientering. Det var morgen og kollegaen min skulle låsa ut dei som skulle på arbeid, skule og program. Dette er velkjende tiltak for rehabiliteringa som ein gjer i fengselet. Då den ein ”fangen” ikkje ville på arbeid, ”slengte” kollegan min att døra og sa ”arbeidsnekt”. Etterpå blei det rapportert på vaktrommet, sanksjonen vart utestenging frå fellesskapet i nokre dagar. I denne situasjonen ser eg verken ein relasjon eller ein god rollemodell, men ei betydeleg maktbruk. Ein kjem ikkje i frå maktbruk i fengselet. Når det kjem til fengsel, er maktforma konkret innafor eit system som prøver holde eit rigid regime rundt dei menneska som er der. Som eg viste til i punkt 3.1 er makt og fridom er to sider av same sak, der det er tilstade i alle sosiale settingar og relasjonar. Foucault (2011) meina at det er i fengsel ein kan sjå den praktiske forma for utøving av makt. Dersom me ser på døme over, er det ei praktisk makt min kollega utøvde overfor den innsette. På den andre sida tok den innsette fridomen sin tilbake ved å gjere motstand og ikkje gå på jobb, på denne måten kan han føle fridom til å bestemma over seg sjølv. Her blir alle måtar for å kome unna kontroll på sett på som fridom. Her er det som skulle vera ei rehabiliterande oppgåve snudd opp ned til ei straffesanksjon. På den andre sida er det reglar og rutinar som må fyljast i fengselet for at det skal fungera, både for andre innsette og dei tilsette. Men det er mange måtar å gjere dette på.

Det andre døme er når eg skulle inn til same innsett, han ville ikkje på arbeid. Eg spurte kva det var, men fekk ikkje noko svar. Eg ga den innsette eit tilbod om å pante flaskene hans og kjøpa noko til han for at han skulle gå på arbeid. Han sto opp, og gjekk på arbeid. Vidare opplevde eg ein god relasjon mellom oss, og dei gongene eg gjekk for å låsa han gjekk han på arbeid. Slik eg ser det har betjenten mange høver for å vera kreativ i situasjonen, gjer individuelle val som er til det beste for å få til ein truverdig relasjon.

Det er den utøvande makt, Regjeringa, som legg føringer for korleis fengselsbetjenten skal forsona desse to arbeidsoppgåvene, korleis handlingsfridom dei har. Det blir då opp til kvar

enkelt fengselsbetjent å finna ein hårfin balanse mellom tryggleiken og rehabiliteringsoppgåva, difor krev det ei høg etisk medvitsgjering i rolla til fengselsbetjenten for at desse to oppgåvene skal kunna vera under same hatt.

5.3 Rehabilitering i ein hierarkisk institusjon: Ei utfordring

I fengselet er det ikkje små problem betjenten skal hjelpe den innsette med, dei er mange og komplekse. Eg vil her løfta fram nokon av dei sentrale problematiske områda som gjer rehabilitering utfordrande.

”Motivasjons- og endringsprogrammer er lovende virkemidler for å minske faren for fremtidige lovbrudd. Programvirksomheten skal bygge på de prinsipper og kriterier som ut fra vitenskapelige undersøkelser synes mest virksomme.” (Fagstrategien 2004-2007;9)

Hovudsmålet med programverksemda er at ein skal skapa motivasjon for endring, som skal førebyggja nye kriminelle handlingar. Når ein skal skapa endringa, er det viktig å sjå på kva som ligg til grunn for å skapa endring. I fengselet har dei ulike forskjellelege program som er utarbeida for at den innsette skal endre sin tankegang rundt åtferd, ei kognitiv tilnærming. Målet er å gje ny kunnskap til den innsette som gir motivasjon til endring (Henta frå st.meld. nr. 37:119). Programma skal vera eit verkemiddel for å gjera soninga til dei innsette minst mogleg skadeleg og heller fremja førebygging. Det er viktig at kontaktbetjenten gjennom den kontakta den skapar med den innsette set i gang med kartlegging i høve korleis program som er best egna til den enkelte. Det er også med å styrka rehabiliteringstiltaket.

Programma i seg sjølv er frivillige, men kan også vera ein del av ei ”straff” som promilleprogram. Dei innsette skal ha fått tilstrekkeleg med informasjon før kursstart, og programmet er tilrettelagt den innsette sitt behov. Det som kan skapa eit problem ved gjennomføringa, er kor frivillig desse programma eigentleg er. Kan det vera at det er dei ressurssterke, som viser positiv endring som også vil gi positive resultantar som blir tekne inn? Eit anna spørsmål som viser seg er kven som skal vera instruktør for programma, korleis påverkar dette arbeidet dei gjer i begge endar? I st. Meld. Nr 37, kjem det fram at dei innsette har vist missnøye i forhold til at det er fengselsbetjenten som er programinstruktør også har

rolla som kontrollør, dei vil ha nokre andre til denne oppgåva. Men på den andre sida syner det seg at desse eksterne personane også har den same ansvaret for rapportering av mistanke til kriminelle handlingar, det er helsepersonell og fengselsprest som har ei fullstendig teieplikt. Programma er heller ikkje ei behandling, men skal vera eit tilbod til dei innsette.

Det kan vera utfordrande for fengselsbetjenten og drive rehabiliterande arbeid i eit fengsel som er prega av hierarki for dei innsette. Mathiesen i Lundeberg og Mjåland (2012:7) peikar på fangane sin argumentasjon for likebehandlingsprinsippet og fangane si makt. Du opparbeider deg makt til lenger du sit inne basert på likebehandlingsprinsippet. Når du har sona lengst, skal du ha tilbod om det beste arbeidet. Her fell då behovet for individuell tilpassing bort når det blir basert på likebehandling. Du kan ikkje gje noko til ein innsett om ikkje den andre får det også. På denne måten blir det vanskeleg å tilpassa rehabiliteringsarbeid for fengselsbetjenten når den sosiale strukturen i fengselet er inndelt i hierarki, ego og likebehandling blant dei innsette. Igjen ser me at motmakt er sentral for dei innsette, du får ikkje noko gratis.

Drægebø mfl. (2006) summerer opp i rapporten *"miljøarbeid i fengsel"* at arbeidet med rehabilitering skal rettast mot "truverdige relasjonar" og "tilbakevendande struktur" som førande. Målet med miljøarbeidet skal vera at den innsette kan arbeide med endring, den tilsette skal møte den innsette med empati og samarbeid. Endringa kan skje gjennom programverksemda som er eit tilbod i fengselet. Men etter å sett på denne samansette oppgåva som fengselsbetjenten står ovanfor, er det etter mitt skjønn stilt store krav og forventningar til arbeidet dei skal gjennomføra. Det viser seg gjennom forskinga at 60% av dei innsette har eit rusproblem, det blir også vist til at dei innsette har ei opphoping av levekårsproblem (Friestad & Hansen, 2004). Problema til rusmissbrukarane kan ofte vera fleire og meir samansette som til dømes låg utdanning, bustadlause, gjeld og lite sosialt nettverk. Torgersen, Gjervan og Rassmussen i St. Meld. Nr 37 (2007-2008) sin nasjonale forsking viser at 85% av dei innsette kan ha psykiske problem. I undersøkinga "Levekår blant innsette" av Friestad og Skog 2004, viser at det er tre gonger så høg førekomst av psykiske plagar rundt mannlege innsette enn elles i befolkninga. Slik eg ser det er det viktig å vera klar over dei innsette sine samansette problem, det krev kunnskap å innsikt for å kunna hjelpe til med samansette problem.

Angåande programma har kontaktbetjenten ansvar for å gje tilstrekkeleg med informasjon om dei tilboda som er i fengselet. I masteroppgåva til Pabsdorff (2006:86) viser det seg at dei innsette har få eller ingen forventingar til programverksemda, dei ser for seg som til dømes AA-møte, terapigruppe og likande. Det viser seg at det er manglande informasjon til den innsette om kva innhald dei ulike programma har. Men på den andre sida syner det seg at programmet var betre enn forventa, og at dei trekkjer fram at instruktørane er heilt annleis en kva ein lærar er (Pabsdorff, 2006:86). Dette kan vise at dei innsette har gode opplevingar og blir tekne på alvor når dei har teke del i eit program. Her ser ein at rehabilitering har mange utfordringar som rus og psykiske problem. Desse problema er ikkje løyst over natta. Eg vil i siste del av drøftinga sjå nærmare på kva utdanninga kan ha å seie for å komma eit skritt nærmare ei løysing på kompleksiteten i dobbeltrolla.

5.4 Forslag om å styrke utdanninga

I tidskrifta ”Aktuelt for kriminalomsorga” som er eit tidskrift for yrkesgruppa kjem det til uthykk, ein debatt om å auka utdanningsnivået. Dert blir lagt vekt på å sjå moglegheita for å auka utdanninga som gir eit sterkare refleksivt grunnlag for dobbeltrolla til betjenten. Eg ser dette som ein måte å møta samt løysa problematikken på. Difor vel eg å opplysa dette området.

”Endrings- og reintegreringsarbeidet i kriminalomsorgen skal foregå gjennom aktiv deltagelse fra tjenestemennene. De fleste oppgavene, også påvirkningsprogrammene, skal i hovedsak gjennomføres av kriminalomsorgens eget personale og gjennom direkte kontakt mellom innsatte og tilsatte. Dette forutsetter en personalpolitikk der kompetanseutvikling står sentralt” (henta frå Fagstrategien 2004-2007:6).

I fangstrategien ovanfor kjem kompleksiteten i oppgavene til betjenten fram. Arbeidet har, som tidlegare nemnt, to deler, kontroll og rehabilitering på ein og same tid. Som nemnt under punkt 3.2 kjem det fram i st. Meld. Nr 37 at Kriminalomsorgsutdanningsenter skal byggja på teoriar og kunnskap som er av ny forsking. I tidskriftet ”Aktuelt for kriminalomsorgen” blir utdanninga til fengselsbetjenten sett i søkelys (Five, 2004:12). Det blei i 2003 oppnemnt av

justisdepartementet ei arbeidsgruppe⁷ som skulle setja seg ned og sjå på innhaldet til fengselsbetjenten si utdanning. I arbeidsgruppa kom det fram ei einstemmig tilrådning om å gjere utdanninga til ei treårig- grunnutdanning. Dette var på bakgrunn av at Norge i 1999 skreiv under på å halda eit internasjonalt nivå å følgje visse anbefalingar. NFF og KY⁸ aksepterte dette, men argumenterte med at lønn under utdanninga vil falla vekk om den blir omgjort til treårig. Gruppa som var oppnemnt av justisdepartementet påpeika nokre områder der kunnskapsnivået til utdanninga må hevast. Der vart mellomanna tryggleik-, endring- og relasjonskompetanse nemnt, der to av oppgåver er sentral i arbeidet med rehabilitering. Slik eg ser det seier gruppa at ein treng eit kompetanseløft i endringsarbeid og relasjonskompetanse til betjentane. Fafo⁹ argumenterte i mot høgskuleutdanning, med at rekrutteringa til fengselsskulen ville bli svekka. I 2013 er det ei høgskuleutdanning men er framleist to-årig, eit år på skulen og eit i praksis. Slik eg ser det burde ein sjå på høve til ei tre-årig utdanning for å heva kunnskapsbasen til betjenten på bakgrunn av rehabiliteringsrolla, endring og relasjonskompetansen. Dette er noko også Larsen i avsnittet under er delvis einig i.

Egil Larsen, avdelingsleiar ved fengselsskulen (Larsen, 2004:27) peikar på at oppgåvene til fengselsbetjenten som nemnt under punkt 4.1 er langt større enn den andre profesjonar har. Kvar ligg då motivasjonen for å få til denne tosidige oppgåva til fengselsbetjenten. Slik eg ser det seier Larsen at fengselsbetjenten har store utfordringar, ofte større og meir komplekse i forhold til dobbeltrolla. Eg tolkar det at det samsvarar därleg med ei to-årig utdanning. Difor ligg det eit grunnlag for å auka kompetansen å få fram ei treårig utdanning.

I Artikkelen til Anne Dahl (2006:22) seier politisk rådgivar Astri Aas-Hansen ”uten kontaktbetjentene vil vi ikke lykkes i det overordnede målet med å få ned kriminaliteten”. Aspirant Hege Andrea Aamodt seier i same artikkelen at det ikkje er ein fengselskultur med gode holdningar til kontaktbetjentoppgåvene, dei er ikkje så viktige og ein treng ikkje bruka tid på dette området. Ho seier også at leiarane har eit ansvar for å vera gode lærarar og det å visa gode haldningar til kontaktbetjentoppgåvene. På den eine sida har kontaktbetjenten ei

⁷ Utfyllande informasjon om kven som sat i arbeidsgruppa finn i artikkelen til Suzanne Five, jf. Litteraturlista.

⁸ Kriminalomsorgens yrkesforbund

⁹ Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning

vesentleg samfunnsoppgåva, på den andre sida viser arbeidet at fengselskulturen samsvarar ikkje med den kontaktbetjenten skal utføra.

I st. Meld. Nr 37 (2007-2008), blir det langt vekt på at kontaktbetjenten skal vera ein god rollemodell som skal skapa gode haldningar for dei innsette. Då må ein også ha dei rette motivasjonane for å ta denne utdanninga. I masteroppgåva til Eide (2011) ser me at aspirantane har ulike motivasjonar for fengselsbetjentutdanninga. Her scorar tryggleiksarbeid og lønn under utdanninga høgast. Er dette noko som er med å påverka kven som vel utdanninga som fengselsbetjent, at ein er sikra lønn under utdanninga? Arbeidsgruppa som blei oppnemnt var eintydig på å auka kompetansen til betjentane si utdanning, men utfall var då at ein skulle ta vekk lønn under utdanninga? Men kva er viktigast? Lønn eller kompetanse? Vidare i masteroppgåva til Eide (2011) viser det seg at motivasjon er viktig. Eide seier vidare at for å få til rehabiliteringsarbeid må ein ha tru på å hjelpe dei innsette til endring, dette er ein føresetnad for at rehabiliteringsarbeidet skal fungera gjennom kontaktbetjentordringa. Kan det vera eit poeng at utdanninga vert tre år, og at dei som søker ikkje gjer det på grunnlag av lønn under utdanning men med den rette motivasjonen for at arbeidet skal la seg einast?

Som kjent tidlegare i oppgåva er det blitt vektlagt at kriminalomsorga sitt satsingsområde er kontaktbetjentoppgåva. Slik eg ser det er relasjonskompetanse og endringsarbeidet viktig i utdanninga til fengselsbetjenten. Sund & Johnsen (2003) viser at under halvparten av aspirantane får opplæring i kontaktbetjentoppgåvane gjennom praksisåret. 89% har fått prøve seg åleine, utan erfaring, der ein strengt tatt ikkje bør få ”prøve” seg utan opplæring og at dette ikkje blir sett på som forsvarleg (ibid). Vidare seier rapporten at 40% av aspirantane ser etikkundervisninga som ”irrelevant” medan 83% av aspirantane meiner at tryggleik er av ”høg relevans”. Etikk kan vera eit modningsfag, men i eit fengsel med desse oppgåvane krev det som tidlegare nemnt ei høg medvit rundt arbeidet ein skal utføra. Slik eg tolkar det må fengselsleiinga ta kontaktbetjentordninga alvorleg, setja av tid til å vera gode rollemodellar for dei kommande fengselsbetjentane. Kontaktbetjentordninga er vesentleg for å få til det overordna målet med å få ned kriminaliteten, dette er også noko politisk rådgivar Astrid Aas-Hansen framhevar.

6. Konklusjon

Innleiingsvis i oppgåva presenterte eg problemstillinga mi ”korleis let desse to oppgåvene, rehabilitering og kontroll seg einast?” I byrjinga av oppgåva var eg kritisk til å foreine rehabilitering og kontroll på ein og same tid. Etter oppgåva ser eg at det er mange faktorar som spelar inn for å lykkast med at det er mogeleg. Eg har i denne oppgåva drøfta at det er mogeleg å eina kontrollør og kontaktbetjentrolla på ein og same tid, men at det byr på utfordringar som gjer oppgåva kompleks. Det som kan vera utfordrande for den enkelte fengselsbetjent er når den skal setja grenser og finna den hårfine balanse i korleis ein skal utøva den tosidige rolla, der oppgåva er å hjelpe og gje omsorg samt setja grenser. Klargjering, repetering og tilstrekkeleg informasjon er viktig mellom betjenten og den innsette for å kunne utføra kontroll og skapa ein god relasjon på same tid.

Eg har vist at fengselsbetjenten må ha kunnskap om kva makt ein har og korleis ein utøver denne makta over den innsette. Gjennom å reflektere med andre kollegaer om kva makt ein har, har eg drøfta at dette kan auka medvitet rundt eigen maktbruk. Andre kollegar kan stilla reflekterande spørsmål som får deg til å tenkja gjennom korleis du utfører makta di omkring den innsette.

Eg løfta fram at ein har ønskje om eit kunnskapsløft i utdanninga, noko som ikkje heilt er fullført endå. På innsida i fengselet er det viktig at ein arbeidar med holdningane til kontaktbetjentarbeidet og skapar ein felles forståing av kor viktig denne oppgåva er. Det er viktig at leiinga er positiv til oppgåvene rundt rehabilitering, slik at betjenten får god tid. Ikkje minst er rettleiing viktig for å få reflektert over sin medviten rundt dei ulike rollane og forventningane til oppgåvene.

Til slutt skal ein heller ikkje gløyma at dei innsette er blitt dømt til straff fordi dei blir rekna som ”tilreknelege” i gjerningsaugneblinken. Fengselet er fyrst og fremst ein institusjon for å gjera opp for seg, men at det på den andre sida skal gjera soninga på ein så skånsam måte for å oppretthalda vørdnaden til den innsette.

Litteraturliste:

Alnæs, Ø. (høsten, 2005): *Fengsel – Forbryterskole eller rehabiliteringsanstalt? Slik de innsatte opplever det.* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo, Institutt for Kriminologi og rettsosiologi). Henta frå http://brage.bibsys.no/krus/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_17189/1/smaaskrift_1-2006.pdf

Basberg, Cecilie E (1999): *omsorg i fengsel?* Oslo. Pax Forlag A/S

Dalland, Olav (2012): *Metode og oppgaveskriving.* Oslo: Gyldendal Akademisk 5 utg.

Dhal, Anne (2004): "Evalueringsseminar om kontaktbetjentordningen" "Aktuelt for kriminalomsorgen" Nr 3 Oslo. Justisdepartementet kriminalomsorgens sentrale forvaltning.

Dhal, Anne (2006): "fagseminar om kontaktbetjentordningen" "Aktuelt for kriminalomsorgen" Nr 2 Oslo. Justisdepartementet kriminalomsorgens sentrale forvaltning.

Drægebø, Heidi (2006): *Miljøarbeid i fengsel.* Oslo. Kriminalomsorgens utdanningsenter KRUS

Eide, H.K (desember, 2011): *Om Holdninger og verdier til de innsatte i fengslesbetjentutdanningens praksisår.* (Masteroppgåve, NTNU, Pedagogisk Institutt for samfunnsvitenskap og teknologiledelse) Henta frå: <http://ntnu.diva-portal.org/smash/record.jsf?pid=diva2:487115>

Eide T, Eide H (2005): *kommunikasjon i praksis Relasjoner, samspill og etikk i sosialfaglig arbeid.* Oslo. Gyldendal akademisk 2utg.

Friestad C, Hansen Skog I L, (2004): *Levekår blant innsatte.* Oslo. Centraltrykkeriet AS

Five, Suzanne (2004): "delstilling 2" "Aktuelt for kriminalomsorgen" Nr 4 Oslo. Justisdepartementet kriminalomsorgens sentrale forvaltning.

Garsjø, Olav (2001) *sosiologisk tenkemåte en introduksjon for helse og sosialarbeidere*. Oslo Gyldendal Akademisk 2utg.

Johannesen, Asbjørn.Tufte, Per Arne. Kristoffersen, Line (2002). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo; Abstrakt forlag 3 utg.

Johansen T. Borgenheim P. Moritz-Olsen R. Nilsen Ervik A. Wickstrøm Nagy M. Brunsvik T... Lindal A. (2012) *Fangehåndboka Juss-Buss' veiledning i fengselsspørsmål*. Oslo. 07 gruppen 6utg.

Kriminalomsorgens Strategidokument (2004- 2007) *Strategi for fagelig virksomheit i kriminalomsorgen*. Utgitt av Kriminalomsorgens sentrale forvaltning 2004.

Kriminalomsorgensutdanningsenter (2013, 21 mai) *Hva gjør en fengselsbetjent?* henta 21mai frå <http://www.krus.no/no/Fengselsskolen/Nyheter-og-informasjon/Hva-gjor-en-fengselsbetjent/>

Larsen, Egil (2004) ”høgskoleutdanning for fengselsbetjenter” ”*Aktuelt for kriminalomsorgen*” Nr 4 Oslo. Justisdepartementet kriminalomsorgens sentrale forvaltning.

Larsen, Egil (2006), *Fengselet som endringsarena*. Oslo: Kriminalomsorgens utdanningsenter (KRUS)

Lundeberg I & Mjåland K. (2012) *Ifangens makt, friheit, motstand og endring i norsk fengsesetnografi*. Retfærd årgang 35, 2/137

Meek Hansen, Wilhelm (2001) *Fengselsbetjent kompetanse – kontakt – framtid*. Oslo. Kommuneforlaget.

Pabedorff M-L (vår 2006): *Innsattes fortellinger om program i fengsel; programvirksomheit i et diskursperspektiv*. (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo, Institutt for kriminologi og rettsosiolegi

Røknes Odd Harald, Hanssen Per-Halvard (2002): *Bære eller briste*. Bergen; fagbokforlaget 4opplag.

Schiefloe, Per Morten (2003): *Mennesker og samfunn*. Bergen; Fagbokforlaget.

St. Meld. Nr 27 (1997-1998): *Om kriminalomsorgen*. Oslo; Justis og politidepartementet. Akademika AS

St. Meld. Nr. 37 (2007-2008): *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn*. Oslo; Justis og politidepartementet. Akademika AS

Straffegjennomføringslova. (1958): *Lov om gjennomføring av straff mv. 12. Desember 1958* (§2, §3 og §3-11) endra sist i 18 mai 2001. Henta frå http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-20010518-021.html&emne=straffegjennomf%F8rings*&&

Sund Anette, Johnsen Berit (2003): *Praksis i praksisåret en studie av praksisåret i fengselsbetjentutdanninga*. Kriminalomsorgens utdanningsenter KRUS Henta frå: http://brage.bibsys.no/krus/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_25196/1/praksisåret.pdf

Rustad Thorsen L, Lid S, Stene Reid J.(2009): *Kriminalitet og rettsvesen 2009*. Oslo. SSB

Tjora, Aksel (2010): *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Gyldendal Akademiske 2utg.

Ugelvik. T (2011): *Fangenes friheter makt og motstand i et norsk fengsel*. Oslo. Universitetsforlaget

Søkeord/emneord	Database	Antal Treff	merkand
<ul style="list-style-type: none"> • Power, Prison, officer, • Officers behavior jail or prison • 	Sciencedirect	5094 16	
<ul style="list-style-type: none"> • Makt i kriminalomsorgen • Makt i fengsel • Overgrep i fengsel 	Idunn	45 562 334	
<ul style="list-style-type: none"> • Makt <ul style="list-style-type: none"> ➤ Vitenskaplige artikler - Tidsskrifter kriminalomsorg <ul style="list-style-type: none"> ➤ Fengsel ➤ Kontaktbetjenter 	Norart	107 729 68 7	
<ul style="list-style-type: none"> • Fengselsbetjent • kontaktbetjent og rehabilitering 	Google Scholar 2009-2013	41 17	
<ul style="list-style-type: none"> • prevention in prison, <ul style="list-style-type: none"> ➤ (subject)prisoners • prevention in prison relation <ul style="list-style-type: none"> ➤ (subject)prisoners • prevention in prison relation power <ul style="list-style-type: none"> ➤ (subject) power • relationship between inmates and prison staff 	Academic serch primer	245 26 1751 189 2676 35 3	
<ul style="list-style-type: none"> • • Makt • Kriminalomsorgen <ul style="list-style-type: none"> ➤ Makt ➤ Rehabilitering kontaktbetjenter kommunikasjon i fengsel miljøarbeid i fengsel 	Bibsys	1176 43 1 2 1 2 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Staffegjennomføringslova 	lovdata	4	29



HØGSKULEN I SGN OG FJORDANE
AVDELING FOR SAMFUNNSFAG

SKJEMA TIL BRUK VED INNLEVERING AV SJØLVVALT PENSUM

Retningsliner for sjølvvalt pensum:

Andre studieåret skal studenten sjølv velje 600 sider pensum knytt til praksis, og tredje studieåret 400 sider knytt til bacheloroppgåva.

Alt sjølvvalt pensum skal godkjennast av høgskulen.

Litteratur knytt til praksis
Litteratur knytt til fordjupingsoppgåve

Forfattar	År	Tittel	Forlag	Side fra- til	Sider totalt
Olav Garsjø	2001	<i>Sosiologisk tenkemåte en introduksjon for helse og sosialarbeidere</i>	Gyldendal akademisk	169- 206 276- 328	89
Cecilie E. Basberg	1999	<i>Omsorg i fengsel</i>	Pax forlag	20-30 44-54 77-90	32
Egil Larsen	2006	<i>Fengsel som endringsarena bok for fengselsbetjenter</i>	Kriminalomsorgens utdanningssenter	90-109 299- 314	34
Tom Eide og Hilde Eide	2005	<i>Kommunikasjon i praksis relasjoner, samspill og etikk i sosialfaglig arbeid</i>	Gyldendal akademisk	34-73	39
Lotte Rustad Thorsen, Stian Lid, Reid J Stene	2009	<i>Kriminalitet og rettvesen</i>	Statistisk sentralbyrå	91-97	6
Det kongelige justis og politidepartement St.meld.nr. 37	2007-2008	<i>Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn</i>	Akademika AS	103- 129	26
Mari-Louise Pabsdorff	2006	<i>Innsattes fortellinger om program i fengsel; programvirksomheit i et diskursperspektiv</i>	Juridisk Fakultet: institutt for kriminologi og rettsosioologi	86-101	15

Kriminalomsorgen strategidokument	2004- 2007	<i>STRATEGI FOR FAGLIG VIRKSOMHET I KRIMINALOMSORGEN</i>	kriminalomsorgen	3-50	48
Heidi Drægebø, Doris Bakken, Torbjørn Eriksen, Øyvind Johannessen, Lise Myrland, Erik Riisnes og Lars Øster	2006	<i>Miljøarbeid i fengsel</i>	Kriminalomsorgens utdanningsenter	11-44	33
Søndre fengselsdistrikt og Bastøy fengsel	-	<i>Målrettet arbeid kontaktbetjentens roller og funksjoner</i>	Søndre fengselsdistrikt og Bastøy fengsel	9-44	35
Ingrid Lundeberg og Kristian Mjåland	2012	<i>I fangens makt, friheit, motstand og endring i norsk fengselsetnografi</i>	Jurist og Økonomiforbundets forlag	4-22	18

Totalt sider 375

Studium: sosialt arbeid

Kandidat nr.:

Namn: Margrete Stave Aksnes

Godkjent:

Margrete Stave Aksnes
student

Bertil Rundeberg
rettleiar

